

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Nytt alternativt framlegg til innstilling;

1. Fylkesutvalet vil gå i mot framlegg til lokal forskrift for mellombels auka bompengetakstar (beredskapstakst) i Bergen.
2. Femdobling av bompengetakstane på dagar med høg luftforureining har ein usosial profil som spesielt vil råka låginntektsgrupper (småbarnsfamiliar og einslege) som er avhengig av bil i høve transport mellom heim, barnehage/skule og arbeidi rushtida. I tillegg vil lokalt næringsliv og varetransport bli sterkt råka av ordninga.
3. Tidlegare vedtak i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune føreset auka kollektivkapasitet og gratis kollektivtilbod på dagar med beredskapstakst. Dette er ein svært utfordrande modell då det ikkje er vesentleg ledig bussmateriell i regionen som kan setjast inn i rushtida. Å byggja opp slik toppkapasitet i rushtida vil ha ein vesentleg kostnad i høve innkjøp av nytt bussmateriell.
4. Fylkesutvalet vil peika på at det er fleire vesentlege kjelder til luftforureininga i kjernen av Bergen sentrum enn biltrafikken, m.a. utslepp frå fartøy med opplag i Bergen Hamn og ved- og oljefyring i private husstandar og institusjonar.»

### Røysting

Søviknes sitt forslag punkt 1 og 3 fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 2 og 4 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 10 røyster (A, SP, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til vedtak på fylkestinget, 3. mars 2016, og er i all hovudsak tilfreds med forslag til lokal forskrift for mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.
2. Fylkesutvalet ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetr den lokale forskrifta samla, også inkl. § 4, slik at det er mogleg å iverksetje tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017. Utsett ikraftsetjing av § 4 og høve til finansiering av gratis kollektivtransport, vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensing av forureining.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen så snart som råd legge fram ei delegasjonssak om avgjerdsmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.